



SAKSPAPIR

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	08.05.2018	043/18

Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr
Rune Lid	N - 012, HistSak - 14/1473	16/269 -

Nye Øygarden kommune - sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar - høyring

Samandrag av saka:

Fellesnemnda for prosjekt Nye Øygarden kommune vedtok i møte 16. april å senda sluttrapporten frå eigarskapsutvalet ut på høyring, m.a. til kommunestyra i dei 3 kommunane, med høyringsfrist 23. mai.

Saka skal deretter attende til Fellesnemnda for endeleg handsaming på møte 18. juni.

Saksutgreiing:

Som vedlegg følger:

- saksutgreiing og vedtak i Fellesnemnda 16.04.2018
- sluttrapport frå utval for eigarskapsmodellar – april 2018 (sjå lenke til møte i Fellesnemnda 16.04. – <http://www.nyeoygardenkommune.no/moteinnkalling-og-protokoll/>)

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjonen.

08.05.2018 Kommunestyret:

Ordføraren orienterte om Fellesnemnda sitt vedtak 16.04.18.

Framlegg frå Jørgen Kausland, H:

1. Sund kommunestyre meiner Fellesnemnda må gjere ei betre utgreiing av renovasjonstenestene. Ei fagleg og økonomisk utgreiing som syner fordelar og ulemper for innbyggjarane må leggjast til grunn før ein kan konkludere på vidareføring i eige AS eller i BIR AS.

2. Sund kommunestyre meiner det ikkje er formålstenleg med eit eige næringsseigdomsselskap. Nye

Øygarden kommune må ta eit samfunnsansvar når det er formålstenleg, men dette bør ein ikkje handtere gjennom eit eige AS. Ein stiller spørsmål ved korleis eit slikt selskap vil vere økonomisk berekraftig samanlikna med at kommunen sjølv står som eigar av eigedomar.

3. Sund kommunestyre meiner ein bør vidareføre all bygningsmasse knytt til forretningsmessig aktivitet i eit kommunalt føretak, slik som Sund Eigedomsutvikling KF er eit døme på. Bygningsmasse knytt til anna kommunal verksemd vert verande i kommunal drift.

4. Sund kommunestyre meiner ein må utgreia vidare eit alternativ med eit eige næringsutviklingselskap, men utgreiingar knytt til lovpålagde tenester som t.d. renovasjon, må prioriterast først.

Framlegget vart vedteke samrøystes.

K- 043/18 Vedtak:

1. Sund kommunestyre meiner Fellesnemnda må gjere ei betre utgreiing av renovasjonstenestene. Ei fagleg og økonomisk utgreiing som syner fordelar og ulemper for innbyggjarane må leggjast til grunn før ein kan konkludere på vidareføring i eige AS eller i BIR AS.

2. Sund kommunestyre meiner det ikkje er formålstenleg med eit eige næringseigedomsselskap. Nye Øygarden kommune må ta eit samfunnsansvar når det er formålstenleg, men dette bør ein ikkje handtere gjennom eit eige AS. Ein stiller spørsmål ved korleis eit slikt selskap vil vere økonomisk berekraftig samanlikna med at kommunen sjølv står som eigar av eigedomar.

3. Sund kommunestyre meiner ein bør vidareføre all bygningsmasse knytt til forretningsmessig aktivitet i eit kommunalt føretak, slik som Sund Eigedomsutvikling KF er eit døme på. Bygningsmasse knytt til anna kommunal verksemd vert verande i kommunal drift.

4. Sund kommunestyre meiner ein må utgreia vidare eit alternativ med eit eige næringsutviklingselskap, men utgreiingar knytt til lovpålagde tenester som t.d. renovasjon, må prioriterast først.